

STIFTINGA
**MUSEA I SOGN OG
FJORDANE**

INNSPEL TIL NY KULTURMELDING

FØRDE, 17.01.2018

Høyringsinnspel 1/2

- Stabile og langsiktige rammevilkår for musea er viktig for å sikre kvalitet og profesjonalitet
 - Den langsiktige verdien av musea si bevaring og formidling av kulturarv er sentral og krev føreseielege og realistiske rammar frå styresmaktene
 - Nye teknologiar bidreg til endra kulturbruk i befolkninga, og digitale verkemiddel og sosiale medier styrker musea sine mogelegheiter for å nå nye brukarar og for ein breiare distribusjon av fagleg kunnskap
 - Musea er svært komplekse kunnskapsinstitusjonar som har behov for brei og diversifisert kompetanse
 - Musea er sentrale arenaer for inkludering og kulturelt mangfald og er aktive i å fremje integrasjon og kulturell forståing
- Armlengdprinsippet må forankrast sterkare i samfunnet for å sikre musea som autonome einingar
 - Musea er gode læringsarenaer for å gje born og unge kunnskap, men også for erfaring i å utøve kjeldekritikk og kunnskap om korleis val av bruk av kjelder og perspektiv kan gje ulike historieforteljingar
 - Kontinuerleg insistering på fagleg uavhengigheit og profesjonell integritet i musea sin forskning på, formidling og forvaltning av samlingar har gjeve musea stor tillit i befolkninga
 - At musea får halde på sin faglege fridom og fridomen til å stille kritiske spørsmål ved fortid og samtid er ein føresetnad for at musea skal fylle samfunnsrolla si og vere sentrale aktørar i utviklinga av demokratiet
 - Musea spelar ei viktig rolle i å utfordre haldningar og for å utfordre til samfunns- og politisk debatt

Høyringsinnspel 2/2

- Museumsreforma bør evaluerast
 - Museumsreforma i 2009 førte med seg ein omfattande konsolideringsprosess, men resultata av den er ikkje tilstrekkeleg evaluert og dokumentert
 - Har vi fått betre og meir robuste fagmiljø?
 - Har omfanget av og kvaliteten på museumsforskinga auka?
 - Korleis har dei konsoliderte musea som heilskapelege einingar fungert?
 - Korleis har omsynet til armlengdprinsippet fungert på nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt nivå?
- Konsekvensane av kommune- og regionreforma for musea bør evaluerast og avklarast
 - Det er svært kort tid til reformene skal implementerast frå 2020 og mykje er uklårt
 - Kan reformene påverke finansieringa av musea og tilhøyrande kravsetting?
 - Blir den tredelte finansieringsmodellen (stat, fylke, kommune) utfordra?
 - Korleis vil museumspolitiske planar på regionnivå påverke museumsdrifta i åra som kjem?
 - Korleis blir musea sitt samfunnsansvar og autonomi utfordra i nye regionar?